



Ola Matti Mathisen mottar blomar og gode ord frå leiar i Uskedal Utvikling, Kristian Bringedal.

På festprogrammet 17. mai vart Ola Matti Mathisen heidra for 10 års redaktøransvar for uskedalen.no. Ola Matti Mathisen er eit pressehistorisk fenomen i Noreg. Han er fødd på Finnskogen i 1942 og vaks opp der. Han hadde vore 47år i aktivt avisarbeid før han flytta til Uskedalen jula 2005.

Matti debuterte som fotograf i Østlendingen som 12 åring. Han vart tilsett som journalist i den same avisa berre 15 år gamal. Seinare kom han over i Hamar Stiftstidende som sports- og reportasjesjef. Han var som journalist på sitt fyrste sommar OL i Roma i 1960, og etter det har ingen norsk journalist dekkja så mange OL som Mathisen.

Turen gjekk vidare til Lillehammer i avisa GD. Matti hadde ei stor kontaktflate og dekkja det meste på Lillehammer, område rundt og i Gudbrandsdalen. OL på Lillehammer vart ei viktig sak for Mathisen. Saman med 12 sentrale personar utførte han eit stort arbeid med profilering og marknadsføring.

For sitt lange og trufaste avisarbeid er Matti heidra med Kongens fortjenestemedalje. Denne utmerkinga omfattar og lokalhistorisk arbeid med redaktøransvar for eit uttal sogeskrift i Fåberg historielag.

Arbeidet med uskedalen.no tok til sommaren 2006. Den fyrste saka hans var rivinga av den gamle trelastlageret på Eikelandet. Seinare har han publisert om lag 12000 lokale saker frå Uskedalen eller med sterk tilknytning til bygda. I tillegg har han vore aktiv på bedehuset med bygdebladet Uskedalsposten. Han fører ei streng journalistisk line med tema nær lesaren, aktuelle saker som fremjar ein positiv tone, talerøyr for lag og organisasjonar og saker som knyter bygda saman. Det vert sjeldan skrive om personalia, og vi finn lite av det som vert omtala som gravejournalistikk.

Med redusert helse og dermed mindre mobil, bed Ola Matti Mathisen om avløysing som redaktør, etter nøyaktig 10 års drift.

Uskedal utvikling og bygda takkar Matti for eit stort og verdfullt arbeid for å skapa ei meir open og inkluderande bygd for alle som bur, ferierer og driv næring i Uskedalen.

Styret



Matti hevar ein velfortent blomebukett til trampeklapp

Foto og nett: Thor Inge Døsland